

Hosteland grunneigarlag
v/ Arne Riisnes
Fensfjordvegen 618 5986 Hosteland

Masfjorden kommune
postmottak@masfjorden.kommune.no

Merknader til planprogram for Kvalhågjen / Olderstuene 10.12.21 Gnr 14, bnr 106

Ein viser til planprogram frå ABO og til befaring/ innteikning av grensepunkt hausten 2018 og vil med dette merke følgjande

- Befaring for å fastsetje grensene for området for gne14, bnr 106 vart gjort hausten 2018. Her møtte Masfjorden kommune v/ Kjersti Furnes Soltvedt, Skjellsundet utvikling v/ Arvid Langøy og Erlend Kvamsdal og Hosteland grunneigarlag v/ Odd Midtbø, Jan Steinar Høsteland, Ivar Duesund og Arne Riisnes.
- I det vesentlege er kart og grenser overeins, men det framgår heller dårleg på kartet kva område som er felles areal for grunneigarlaget sine medlemmer og det som er bnr. 105.
- For grunneigarlaget er det viktig at dei rettane som vart hevda av grunneigarlaget, vert registrert ein gong til all den tid desse ikkje er å finne i det skrivne planframlegget. Dei er elles å finne i utmarksutskiftinga frå 1918 og det er ingen grunn til å fråvike desse.
- Dette gjeld: området frå FV570 til sjøen gjennom stemmevatnet og dalen ned til Hostelandsosen er ikkje eller skal ikkje vere del av planområdet fordi dette er eit fellesområde for grunneigarane på Hosteland frå gammalt m.a. avsett til kvernhus og sag. Området er såleis eit kulturhistorisk/næringshistorisk område.
- Oldrestuene har alltid vore eit friluftsområde og vil vere av stor ålmenn interesse å halde slik – utan inngrep av noko slag. (s. 10 planutkast). Det er også felles bruksrett til berga vest-nordvest for Olderstuene
- Stranda like vest-nordvest for Oldrestuene fram til berghammar vart likeeins halde utanom salet som felles areal. (Areal merka grønt/oransje m.a. s. 10 i planutkast).
- Grunneigarlaget vil i tillegg hevde at stemma i Storstemvatnet ikkje må øydeleggjast av veg slik den er innteikna på kart.
- Grunneigarlaget legg også til grunn at det er rett fri til ferdsle/ påkopling frå «Kvernhusdalen» til annan veg og at det vert lagt til rette for dette.
- Partane var samde om desse punkta og grunneigarlaget forventar dermed at det er / vert teke høgde for dette i det vidare planarbeidet.

Ein høyrer gjerne frå dykk og ber om velvillig handsaming.

Med venleg helsing

For Hosteland grunneigarlag

Arne Riisnes, leiar.

